



Turomtale Turbopostar:

Dagsturhytta, Stryn

For å komme til dagsturhytta i Stryn, er der fleire val. Ein kan gå frå sentrum (nausta ved stadion), eller frå Sætrevegen (like nedanfor pumpehuset), frå Hydlaparken (via Hyngjelsbruna), og sikkert fleire andre utgangspunkt som eg ikkje veit om.

Dersom ein vel å gå frå Stadion, står der skilt som viser vegen til Dagsturhytta, og kor langt det er (ca 1,5 km). Denne ruta (og den frå Sætrevegen) kan være noko blaut, så ha gode sko. Stien frå Stadion (frå ca Sandbakk) går langs elva oppover, og somme stader har noko av vatnet funne ut det kan renne i stien også ;-)

Rakssetra, Loen

Turen til Rakssetra startar på Oppheim mellom Stryn og Loen.(bomveg det siste stykket inn mot parkeringsplassen)

I starten følger ein anleggsvegen mot Hoven før ein deretter tar til venstre og følger ein merka sti som fører til Rakssetra.

Her er det panoramautsikt til Olden og Loen. Ein treng ikkje alltid gå på dei høgaste toppane for dei store naturopplevingane!

Berekna tid med ungar er mellom 1 – 1,5 time.

Svartevatnet, Stryn

Turen til Svartevatnet startar enten ved Stryn skisenter, eller ein kan køyre Setrevegen (bomveg) opp til Bøasætra.

Frå Bøasætra følgjer ein skiltinga mot Svartevatnet (i starten er det same ruta som til Gryta), når ein kjem opp over Nakken skil rutene seg, gå til venstre mot skitrekke i Steindalen. Ruta er merka med raude prikkar og ein skal følgje trekke i Steindalen nesten heilt til toppen før ein kryssar elva og følgjer stien vestover.

Det kan til tider vere litt vått i området etter elva, så bruk sko etter forholda.

Oppe ved Svartevatnet (ca. 800 moh.) står ei steinhytte og den raude Turbokassa er plassert her.

Berekna tid med ungar er mellom 1,5– 2,5 timar på veg opp.

Gråberg,Stryn

Gråberg ligg på åsryggen mellom Markane og Robjørørgane, ca. 600 moh.

Køyr til Sætren som ligg ca. 1 mil vest for Stryn sentrum (ta av frå Blekesvingen og køyr til Sætren.) Herifrå går stien til Faleidstøylen og vidare til Gråberg. Her er det fin utsikt og eit flott tre som ein kan klatre i.

Berekna tid med ungar er mellom 1 – 1,5 time.



Nosakleiva, Fjelli

Du kan gå til Nosakleiva frå begge sider av Nostunellen på Fjelli.

Frå Nos: Gå ned til utsiktspunktet på Nos, ta til høgre og følg den gamle anleggsvegen i ca 1,5- 2 km til toppen. Jamn stigning i starten, på slutten flatar den ut.

Frå Tvinnereimsslettene: Parker ved ferista rett etter tunellen. Følg den gamle anleggsvegen (på høgre sida av vegen når du kjem frå Stryn) som svingar seg opp mot toppen - ca 1,5 km. Flott utsikt frå toppen.

Segestad

Garden Segestad ligg fint til i munningen av Glomsdalen, på ei fjellhulle med eit bratt stup på 300 meter ned til Oppstrynsvatnet. For å kome til Segestad så køyrer ein til Hjelle i Oppstryn. Parkering ved Hjelle skule, alternativ ved Glomnes (her er det parkeringsavgift).

Frå Hjelle til Glomnes er det vel 1 km på grusveg før stien mot Segestad startar.

Det er vanleg å rekne ca. 1 time på turen opp. Oppe på Segestad er det fint for ungane å leike seg.

Vetledalssetra

Vetledalssetra er Indre Nordfjord Turlag si hytte øverst i Erdalen i Oppstryn. Hytta blei opna som DNT-hytte i 2011 og er eit fint utgangspunkt for turar inn på Jostedalbreen, men også eit flott turmål i seg sjølv. Historia om hytta finn de her.

Frå Greidung til Vetledalssetra er det 6 km. Ein kan velge å gå heile turen frå gardane på Greidung eller køyre bomvegen til Loppeset. Turen til setrane er enkel og fin for ungar.

Skarsteinsetra, Olden

Turen til Skarsteinsetra kan ein gå ifrå Olden sentrum . Turen går delvis på skogsveg og fin sti, det går fint å trille med barnevogn.

På Skarsteinsetra er det fin utsikt utover fjorden og mot Loen og Rake/Oppheim. Ta med niste og drikke og ta turen for å finne turbokassa.

Skuten, Stryn

Start for turen er Nedstryn kyrkje i Stryn. Der er det god parkeringsmogelegheit.

Ein kryssar så bilvegen, og startar ganske umiddelbart på stigninga. Vegen oppover går på brei og fin traktorveg (litt opp og ned). Etter nokre meter, kan ein velje ta av til venstre og gå "Gamleråsa". Det er ein sti, som er brattare, men kortere enn traktorvegen. Der kan være litt blaut, så ein må ha gode sko.

Ikkje langt frå starten på turen (tratorvegen), kjem ein til eit flatt og fint område med ein gapahuk som passar ypperleg til litt leik før ein går vidare.

Turen opp tratorvegen tek ca 45-60 min med ungar, (ein veg). For å komme ned på kanten og nyte utsikta (og finne Turbokassen), må ein ta av frå traktorvegen og gå nokre meter nedover ein sti.



Dagsturhytta i Hornindal (Nakkebruna)

Du kan parker på Hornindal skule, gå så over brua som ligg bak skulen. Følg vegen, ta til venstre ut på neste veg mot Ytreshorn. Ta så til høgre i krysset og følg vegen til du møter stien på ventre side. Stien er litt bratt og steinete, men den er brei og fin. Frå skulen og opp til dagstur hytta tek det ca. 30min.

Verlostøylen, Utvik

Start for turen er i starten av Utvikfjellet (parkeringa i svingen der det går ein grusveg inn til venstre). Ein kan som alternativ 1. gå over vegen frå parkeringa og opp ein gammal traktorveg. Litt bratt i starten, men slakk stigning etter brua. Då følger ein traktorvegen heile turen fram til Verlostøylen. Kan vere vanskeleg å komme seg over elva på dagar meg høg vassføring.

Alternativ 2. Gå utover grusvegen til venstre til du har passert 2 bruer. Ved utvidinga etter bru 2 går det ein sti opp til høgre. Flott skogssti opp til Verlostøylen i jamn stigning heile vegen.

Begge vegane tek ca.30 min. Med barn reknar ein ca 1 time. For å variere kan ein gå eine vegen opp og den andre ned. Flotte forhold for piknik og leik ved Støylane.

Blåvatnet, Hornindal

Ein tek Rv 60 fra Grodås til Hondøla bru. Der tek ein av til venstre. Vegen til Hornindalssetra er bomveg så ta med småpeng eller vipps. Når du har betalt kan du køyre heilt fram til den inngjera parkeringa som ligg nedanfor setra. Følg grusvegen opp til sætra, ta til venstre ved skiltet, følg så anleggsvei/god sti inn setredalen mot Blåvatnet. Frå parkeringa nedanfor sætra til blåvatnet tek det ca 1 time. Pga. at snøen ligg lenge i dalen så er det ikkje anbefalt å gå der før snøen er smelta ut i juli.

Grendasetra, Markane

Startpunktet for turen til Grendasetra er Ullsheim, Markane IL sitt flotte skianlegg. Her er gode parkeringsmoglegheiter, mot parkeringsavgift.

Turen til Grendasetra kan ein gå på sti, i løypetrase, eller ei blanding av sti og løypetrase. Barnas turlagpost er plassert på ei fin høgde ca 200 m aust for sjølve setra. Der er eit rastebord, og fin utsikt.

Denne turbeskrivinga følger løypetraseen. Frå parkeringplassen går ein over stadion mot «Årestova»/bygget ved standplassen. Der ifrå går ein forbi brua, og følger den asfalterte løypa ned bakken. Når ein kjem ned bakken kan ein ta av til venstre, gå av asfalten, og følgje løypetraseen av flis oppover, som etter kvart kjem inn att på den asfalterte løypa. Følg vegen til lunneplassen. I bakkant av lunneplassen fortsetter løypetraseen oppover mot Grendasetra. Posten og benken ser ein frå enden på løypetraseen, som stoppar litt søraust for posten.



Tyvasætra/Haugasætra

Startpunkt:

Frå Loen sentrum ved Joker køyrer du forbi Hotell Alexandra, ca 2 km innover til Tjugen. Der er det stor parkeringsplass på høgre hand. P-avgift. Same startpunkt som for Skåla. Området er godt skilta. Følg traktorveg. Etterkvart god sti. Etter å ha gått gjennom ei lita grind skal ein ta av frå stien til Skåla og gå til høgre over ei elv. Då er ein straks framme på setra. Turen eignar seg godt for barn.

Avleisetra, Olden

Avleisetra ligg åpent til, rett over skoggrensa, med fantastisk utsikt vestover fjorden og mot Skåla. Her er det også lenge sol på kvelden. Turen tek ein god time for barn som er vande med å gå på tur.

Startpunkt: køyr til parkeringa på Avleiåsen (ca 400moh). Ved Olden skule tek du til venstre og følger vegen opp til Muri. Ta til venstre gjennom gardstunet og følg grusvegen heilt til enden, ca 4km. Vegen kan køyrast med vanleg bil om du tek det med ro. Ikkje køyr før etter teleløysing er ferdig. Ta hensyn til beitande dyr og lat att grinder etter passering. Frå parkeringa går du opp ein skogsveg, etter ca 100m tek du til venstre inn skogen på stien. Tydeleg sti, som først går i tett skog, deretter åpnar det seg opp med fin utsikt. Nokre parti med vatn i stien, men ikkje myrlendt. Jamn stigning. Setra har eit sel. Det er drikkevatt 10-20meter forbi selet.

Bolleberget, Innvik

Frå Bolleberget i Innvik får du ei flott utsikt utover Nordfjorden. For å kome seg dit følg Dragsetvegen frå Innvik sentrum forbi Langvin og parker i ein knapp sving. Der finn ein skilting mot Bolleberget. Følg skogsvegen, der den delar den seg, følg øvste skogsveg til enden. Derfrå er det sti siste stykket fram. Turen tek om lag 30-45 minutt ein veg. Det er mogleg å gå ein rundtur, følg då skilting.

Mosehogane, Rand

Mosehogane er ei høgde på ca. 750 moh som ligg på vestsida av Hoplandskaret. Det er ein familievennlig tur, med startpunkt ved Innitunstøylen på Hopland, 466 moh.

For å kome til denne støylen må du følge RV 613 / Fv 698 mot Randabygda og Hopland. Vest for Hoplandselva er starten på bommvegen opp til Innitunstøylen. Der er nokre parkeringsmoglegheiter. I enden på parkeringsplassen starta råsa/stien til Mosehogane. Stien er umerka, men syner att i terrenget. Det er eit fint terreng å gå i, men kan vere vått ved mykje nedbør, og ved snøsmelting om våren. Snøen kan ligge ei tid, men sein Mai-Juni kjem stien til syne.

Kart for området: kartblad 1318 IV Hornindal.



Floskue, Stryn

Turen til Floskue startar ved Speidarhuset i sentrum, her er det god parkering.

Følg merkinga mot Dagsturhytta, følg austsida av Vikaelva forbi sandbakk. Kryss Vikaelva ved gangbrua og går inn i øvre delen av byggefeltet på Hol, følg asfaltveg til toppen av byggefeltet. Mellom dei øverste husa kjem vi til ei grind som fører ut av byggefeltet og inn i skogen. Dette er starten traktorvegen/råsa som går heilt til Floskue.

Brulandsstøylen

Brulandsstøylen ligg vakkert til opp mot Utvikfjellet, dette er en enkel tur som passar godt til barnefamiljar.

Det er to måtar å kome seg dit på:

1: Ta v hovudvegen ved Valaker, følg vegen forbi bebyggelse og vidare inn skogsvegen. Her er det god parkering i enden av vegen. Følg merka sti frå skogsvegen opp til Brulandsstøylen.

2: Kjør opp til utsiktspunktet mot Utvikfjellet, her kan ein parkere. Stien går frå hovudvegen på høgresida. Du kjem først då til Valakerstøylen, men følg sti vidare så kjem du til Brulandsstøylen.

Ulvedalsdemmene

Turen til Ulvedalsdemmene er ein flott og enkel tur, godt tilpassa dei aller minste. Det er fint mulig å trille med vogn heile vegen, samt vidare i området.

For å komme seg til Ulvedal køyrer du Panoramavegen forbi Blakset til du kjem til Sagedammen. Her er det gode parkeringsmuligheter. Startpunkt for turen er frå Sagedammen, og det er godt merka frå vegen.

Turen fra Sagedammen og fram til Ulvedalsdemmene er omlag 900m på skogsveg.

Ulvedalsdemmene ligg flott til, og kan vere utgangspunkt til fleire andre turar.

Det er mogleg å kjøre heilt fram på skogsvegen, men vere då oppmerksom på at det er bomveg med avgift.